

Runde 1

1

Kva heiter denne planten? Han er 1–2 m høg, med 2 cm breie blad. Han veks langs sjøkantar, i tjern og grøfter på Austlandet nord til mjøstraktene og langs kysten nord til Nordland. Vitskapeleg namn er *Typha latifolia*.



2

Kva for ein norsk spelar var først til å bli både NM-, EM-, VM- og OL-meister i handball, samtidig som Tonje Larsen? I motsetnad til Larsen har spelaren berre eitt NM-gull.

3

Kva for eit japansk ord, som tyder «merkelig monster», vert brukt om ein sjanger med monsterfilmar, der Godzilla-filmene er dei mest kjente?

4

Kva heiter dette oljesandfeltet, som er det største i Canada? Feltet ligg i Alberta og har samme namn som bl.a. ei elv, eit fjell og ein innsjø i området, samt ein roman av Alistair MacLean . Det er representert ved den største oransje flekken på kartet.



5

Kva vart han kalla, kontrakten mellom kongen og riksrådet i Danmark—Noreg som sikra riksrådets makt og adelens privilegium? Ordninga fall bort då eineveldet vart innført i 1660/61.

6

Kva for ei gruppe sjukehusinnlagde får ein Apgar-score?

7

Kva er pseudonymet til den Stavanger-baserte gatekunstnaren kjent for blant anna dette verket fra Lofoten?



8

Kva kallar vi den hawaiiiske salaten av rå fisk og grønnsaker? Det finst fleire variantar, t.d. av tunfisk og blekksprut.



9

Kven har vore statsminister i Noreg i tre periodar,
og i tillegg utanriksminister, handelsminister og
stortingspresident?

10

Kva for eit fornamn ser vi skrive i morse her?



11

Med same namn som eit fylke, kva heiter denne bunaden? Bunaden kjem i blått eller grønt, og har broderi på livet og nedst på stakken. Den første bunaden av denne typen vart utforma av Anne Svare i 1928.



12

Kva heiter regissøren av filmen *Wonder Woman*
frå 2017?

13

Kva for ei barnebok, skrive av Julia Donaldson og illustrert av Axel Scheffler, vart straks ein moderne klassikar då boka kom ut i 1999. I boka møter vi ei mus som går ein tur i skogen. Musa prøver å unngå å bli spist ved å dikte opp ein skummel figur.

14

Det meste kjente verket til denne franske komponisten (1643-1704) er truleg Te Deum, som vert brukt som kjenningsmelodi av Eurovisjonen. Kva heiter komponisten?

15

Kven var mor til Olav den heilage i sitt første ekteskap (med Harald Grenske), og mor til Harald Hardråde i sitt andre ekteskap (med Sigurd Syr)?
Her er det fornamn som gir poeng.

16

Kva heitte gruppa som hadde ein vokalist som kalla seg Lux Interior? Kona spela bass og kalla seg Poison Ivy. Gruppa var aktive 1976—2009.




17

Kva hydrokarbon er dette?

Molekylet består av ein ring med seks karbonatom med seks hydrogenatom knytte til: C_6H_6 .

Dette er ei kreftframkallande, fargelaus og brennbar væske med søtleg lukt.




18

I klubbhuset til kva for ein Premier
League-klubb finn vi ei rekke av Iron
Maiden sine gullplater?

19

Kva kallar vi dette søyleliknande symbolet i egyptisk mytologi som står for stabilitet, og skal gjengi ryggraden til guden Osiris?



20

Kva for ei fransk trebokstavsforkorting tilsvarer det engelske CEO (chief executive officer), altså administrerande direktør?


21

Kva heiter kontrollinstansen som vart oppretta i 1986 for å kontrollere og godkjenne økologisk landbruksproduksjon i Noreg? Navnet er stroke frå logoen.



22

Denne norske boksaren
vann OL-sølv i 1920 og
OL-bronse i 1924 i lett
tungvekt. Kva er
namnet?



23

Kva heiter debutromanen til Agnes Ravatn, som kom ut i 2007?

24

Kva for ein svært populær amerikansk vloggar fekk kraftig kritikk rundt årsskiftet 2017/2018 for å ha filma ein død person i den såkalla «sjølv mordsskogen» Aokigahara i Japan. YouTube trekte i ein periode tilbake annonseinntektene hans på om lag ein million dollar i månaden.

25

Kva for ein country-duo med medlemmene Liz Tove Vespestad og Tine Valland, høyrer vi her? Dei gav ut sitt første album i 1993.